



Stein Lundemo måtte avliva tiuren i nødverge(Foto: Elias Sperstad, GD)

- Stein Lundemo har nok diverre teke livet av vaktmeisteren vår, spøkjer uskedelingen Arne Terje Haugland etter å ha lese ei fantastisk historie i Gudbrandsdølen Dagningen


Den handlar om at skjåkveren Lundemo i helga måtte drepa ein tiur med berre nevene etter eit frykteleg basketak. Det fann stad ved Frøysehytta, som er hytta til Arne Terje og familien hans. Hytta ligg i Lundadalen i Skjåk og angrepet frå tiuren kom som lyn frå klår himmel laurdag morgon.

Stein og kona hadde kurs på ski mot fiskebua ved Lundadalsvatnet og omtrent midtvegs hørde dei vengeslag bak seg. Fuglen hadde peiling rett mot Stein sitt hovud. Det første som slo han var at ei ørn gjekk til åtak og han fekte med stavane for å unngå klør og nebb. Tiuråtakinget vart avverga, men tiuren freista pånytt og var svært aggressiv og sterk.

Det vart ein hard kamp og skjåkveren såg til slutt ingen annan utveg enn å festa grepet rundt halsen på fuglen. Slik enda den sine dagar.

- Eg måtte rett og slett handla i nødverge. Hvis tiuren hadde gått til angrep på eit barn, er det ikkje lett å seia korleis utfallet hadde vore, seier Lundemo til GD.

Av Ola Matti Mathisen



....slik at Arne Terje Haugland mista vaktmeisteren sin. (Foto: Ola Matti Mathisen)